

Notat – nr. 2/2020

Hilde Muren

**Tema-, prosjekt- og utviklingsarbeid: Ei omgrepsavklaring for tilsette ved barnehagelærerutdanninga, Høgskulen i Volda.**



<b>Forfatter</b>	Hilde Muren
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/">http://www.hivolda.no/</a>

Tema-, prosjekt- og utviklingsarbeid: Ei omgrepsavklaring for tilsette ved barnehagelærerutdanninga, Høgskulen i Volda.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manus må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## Innhald

Innleiing .....	4
Teoretisk kunnskapsgrunnlag .....	4
Temaarbeid .....	4
Prosjektarbeid .....	4
Utviklingsarbeid.....	5
Omgrepsforståing og progresjon i barnehagelærarutdanninga, HVO .....	6
Omgrepsforståing.....	6
Progresjonstrappa .....	7
Avslutning.....	7
Referansar .....	8

## Innleiing

Rammeplan for barnehagen skriv at barnehagen skal fremje læring ... som grunnlag for allsidig utvikling hos barn. Han skriv vidare at for å gi barna eit tilbod i samsvar med barnehagelova, må barnehagen vere ein lærande organisasjon. Det vil seie at leiar i barnehagen også skal fremje læring i personalgruppa. Leiar har ansvar for at personalet held seg oppdatert, lærer og utviklar seg - for betre å støtte barna si læring (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 22, 15, 37). I barnehagar og i utdanninga brukast fleire ulike arbeidsmåtar for å støtte læring hos barn og personale, t.d. gjennom tema-, prosjekt- og utviklingsarbeid. Dette er omgrep som lærarar i barnehagelærarutdanninga i Volda har oppdaga ulik forståing av og dette notatet er eit forsøk på å etablere ei uttalt, felles forståing som betre kan støtte studentane sin læring av forskjellige arbeidsmåtar.

## Teoretisk kunnskapsgrunnlag

### Temaarbeid

Temaarbeid kan sjåast som ein arbeidsmåte, ein metode, for å organisere det pedagogiske arbeidet retta mot barn og har lange tradisjonar i barnehagen. Ordet tema rettar merksemda mot innhaldet som det skal arbeidast med, t.d. verdigrunnlag og/eller fagområda i rammeplanen. Læringsstoffet blir strukturert som ein meiningsberande eining som gir ein naturleg samanheng, ofte på tvers av fagområde. Det har gjerne eit felles omdreiingspunkt, for eksempel årstider, høgtider og «samiske kulturar» og blir formidla gjennom fleire pedagogiske aktivitetar (Aaneby, Kristensen & Haukåen, 1996; Jansen, 2008). Planlegging og gjennomføring blir leiar av personalet på bakgrunn av observasjonar og kjennskap til barna og det er personalet som lagar materiale eller konstruksjonar for å vise fram og for å stimulere barn til aktivitetar (Jansen, 2008; Undheim, 2015). Slike arbeid er også kjenneteikna ved å vere tidsavgrensa med ein klar start eller slutt, ofte bestemt i forkant, t.d. i årsplanen (Aakre & Scharning, 2010; Westhagen, Faafeng, Hoff, Kjeldsen & Røine, 2008, s. 20).

### Prosjektarbeid

Prosjektarbeid er ein annan metode for å organisere eit pedagogisk arbeid, kjenneteikna av eit fokus på barna sin rett til medverknad, jamfør barnehagelova §3. Prosjektarbeid kan då sjåast på som ei vidareføring av eit temaarbeid men med vekt på ei undersøkjande tilnærming (Jansen, 2008). Personalet tar utgangspunkt i dei førestillingar og opplevingar som deltakarane har om eit innhald som interesserer dei og ikkje i eit fagstoff, bestemt av læreplanar, som skal formidlast (Aaneby et al., 1996, s. 4). I korte trekk handlar det om å undersøkje eit spørsmål, eit tema eller ein hypotese, planlagt og utvikla saman med barn der deira spørsmål og svar blir trekt inn i prosessen og der ein

observerer og dokumenterer barna sine spørsmål og hypotesar som grunnlag for refleksjon og læring (Jansen, 2008, s. 178).

Denne forståinga av prosjektarbeid samsvarer med Utdanningsdirektoratet si forståing:

Prosjektarbeid er her knyttet til et arbeid med et tema eller et fenomen der hensikten er å skape en arena for utforskning, fordypning og forståelse. I prosjektarbeid har barns nysgjerrighet og medvirkning en sentral plass, og barns lyst til å undersøke og utforske skal ha betydning for pedagogiske valg (Utdanningsdirektoratet, 28.06.2018).

Prosjektarbeid er tradisjonelt kjenneteikna ved å vere tidsavgrensa med ein start og ein slutt bestemt i forkant, t.d. årsplanen (Aakre & Scharning, 2010; Westhagen et al., 2008, s. 20). På den andre sida skriv Utdanningsdirektoratet at «Prosjektarbeid er også et prosessorientert arbeid som ikke nødvendigvis har en begynnelse eller en slutt, men som handler om å følge dynamikken som oppstår mellom barna og temaet eller fenomenet barna er opptatt av» (Utdanningsdirektoratet, 28.06.2018). Denne teksten må forståast som at prosjektarbeid med barnehagebarn ikkje følgjer same reglar og forventingar som ei tradisjonell forståing av arbeidsmåten.

I omtale av prosjektarbeid trekk Utdanningsdirektoratet også fram at: «Det er en nær sammenheng mellom de voksnes og barnas handlinger og læring, og disse er gjensidig avhengige av hverandre» (Utdanningsdirektoratet, 28.06.2018). Dette må forståast som ei klar oppmoding til leiar i barnehagen om å bygge bruer mellom læringsaktivitetar for barn og læringsaktivitetar for personalet.

### Utviklingsarbeid

Utviklingsarbeid er barnehageverda sitt omgrep for **organisasjonsutvikling** og blir forstått som ein metode for planlagt lærings- og endringsstrategi for barnehagen. Føremålet er utvikle kvalitet i pedagogisk arbeid gjennom planlagde endringar av organisasjonens mål, struktur, kultur, middel og menneske – med kontinuerleg læring hos personalet som mål (Jacobsen & Thorsvik, 2013). Det betyr at barnehagen må ha fokus også på utvikling av personalet sin individuelle og kollektive kompetanse, barnehagen skal vere **ein lærande organisasjon** (Kunnskapsdepartementet, 2017; Universitets- og høgskulerådet, 17.10.2018). Det handlar om å legge til rette for **organisasjonslæring** som gjer personalet i stand til å lære og endre pedagogisk praksis til det beste for brukarane av barnehagen, først og fremst barna. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15, 37; Universitets- og høgskulerådet, 17.10.2018, s. 18).

Utviklingsarbeid bygg på ideen om rett til medverknad gjennom deltaking i demokratiske prosessar, no handlar det om personalet og foreldra i tillegg til barna. Prosessen er ofte eit mål i seg sjølv då ein

lærer av dei tiltak som vert sett i verk undervegs og samstundes haustar erfaringar som ein kan ta med seg vidare (Bøe & Thoresen, 2017). Med basis i “refleksjon etter handling”, der refleksjonar er prega av å vere kraftfulle og kritiske, skal personalet lære av erfaringar og saman jakte på og utvikle ny, betre neste praksis (Bie, 2016, s. 42; Bøe & Thoresen, 2017; Mørreaunet, 2019).

Utviklingsarbeid blir tradisjonelt forstått som ein kontinuerleg prosess utan ein start eller slutt bestemt på førehand. Dette er ei forståing som er delvis oppheva av Nasjonale retningslinjer for utdanninga som seier at studenten skal gjennomføre eit avgrensa utviklingsarbeid i emnet Leiing, samarbeid og utviklingsarbeid (Universitets- og høgskulerådet, 17.10.2018).

## Omgrepsforståing og progresjon i barnehagelærerutdanninga, HVO

### Omgrepsforståing

Utifrå denne korte, faglege presentasjonen av arbeidsmåtene, kan ei felles forståing i barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen i Volda vere:

**Temaarbeid i barnehagen** forståast som ein arbeidsmåte for å planlegge og organisere fleire pedagogisk aktivitetar retta mot barn si læring og utvikling. Merksemda rettast mot innhaldet i det pedagogiske arbeidet, for eksempel «samiske kulturar», «vinter» og «påskemarkering». Innhald og gjennomføring blir planlagt og leia av personalet på bakgrunn av observasjonar og kjennskap til barna. Det blir arbeidd med tema over lengre tid, i ein tidsavgrensa periode bestemt i t.d. årsplanen (Aakre & Scharning, 2010; Aaneby et al., 1996; Jansen, 2008; Undheim, 2015; Westhagen et al., 2008)

**Prosjektarbeid i barnehagen** forståast som ein arbeidsmåte for å organisere pedagogisk arbeid som skal støtte barn si læring og utvikling, med høg vekt på barna sin rett til medverknad og ei undersøkjande tilnærming saman med barna. Prosessane og dynamikken mellom barna og temaet er blir viktigare enn det saksorienterte innhaldet. Prosjekt med barnehagebarn treng derfor ikkje ha ein planlagt start eller slutt slik som prosjektarbeid i organisasjonar tradisjonelt har (Aakre & Scharning, 2010; Bøe & Frogh, 2012; Jansen, 2008; Utdanningsdirektoratet, 28.06.2018; Westhagen et al., 2008).

**Utviklingsarbeid** forståast som planlagde læringsaktivitetar retta mot å fremje personalet si læring, det vil seie ei kontinuerleg utvikling av personalet sin individuelle og kollektive kompetanse. Det handlar om organisasjonsutvikling med vekt på kollektiv læring gjennom demokratiske prosessar. Målet er kvalitetsutvikling gjennom kontinuerleg utvikling av praksis, til det beste for barna, gjennom kraftfull og kritisk refleksjon over praksiserfaringar. Nære omgrep er organisasjonsutvikling, lærande organisasjon, organisasjonslæring og erfaringslæring. Pedagogisk dokumentasjon, coaching, rettleiing, aksjonslæring og aksjonsforskning er døme på slike arbeidsmåtar i barnehagar (Bie, 2016;

Bøe & Thoresen, 2017; Jacobsen & Thorsvik, 2013; Kunnskapsdepartementet, 2017; Mørreaunet, 2019; Universitets- og høgskulerådet, 17.10.2018).

## Progresjonstrappa

Med ein felles forståing for likskapar og forskjellar i arbeidsmåtar som studentane møter i utdanninga, kan lærarar betre bygge samanhengar for studentane i deira læring. I følgje studieprogramplanen følgjer utdanninga progresjonstrappa:

- 1ste klasse: Planlegging og gjennomføring av ein (eller fleire) pedagogiske aktivitet for barn – utan krav om samanheng mellom aktivitetane (i emna BULL, NHR og NHR).
- 2de klasse: Prosjektarbeid med barn (i emnet STM).
- 3de klasse: Eit tidsavgrensa utviklingsarbeid etter aksjonsforskningsmetoden (i emnet LSU).

Trappa har ikkje har rom for emnearbeid. Med barnehagelova sin vekt på barns rett til medverknad, kan det vere eit god val for å oppnå at prosjektarbeid blir den dominerande arbeidsmåten saman med barn. I alle fall om studentane blir gjort kjende med forskjellen mellom temaarbeid og prosjektarbeid.

## Avslutning

Dette notatet har hatt som mål å kome fram til ein felles forståinga av tre sentrale arbeidsmåtar for planlagde læringsaktivitetar i barnehagen. Dette har vore tema-, prosjekt- og utviklingsarbeid. Det er omgrep som mange av dei tilsette har ein meir eller mindre taus forståing av, forståingar som er meir eller mindre like. Som profesjonelle lærarar treng vi å gjere vår tause forståing uttalt, både ovanfor oss sjølve, kollegaer og studentar slik at vi legg til rette for meningsfylte læringsspiralar: Både tema- og prosjektarbeid handlar om planlagde læringsaktivitetar for barn. Temaarbeid forståast som eit tidsavgrensa arbeid, fokus på innhald og planlagt av personalet. Prosjektarbeid legg vekt på barna sin rett til medverknad i val og utforsking av innhald og prosessar og er mindre låst til å vere tidsavgrensa. Utviklingsarbeid handlar om kontinuerleg planlagt læring i personalgruppa, med rett til medverknad og utforsking hos dei lærande og hos andre brukarar: barna og foreldra. Det er ein nær samanheng mellom læring hos barn og læring hos personale, dei er gjensidig avhengig av kvarandre.

Skriving av teksten er gjort i dialog med kollegaer i utdanninga og med kollegaer på institutt for planleing, administrasjon og skuleretta samfunnsfag. Saman har vi auka vår forståing av arbeidsmåtar, både teoretisk og i høve til samfunnsmandatet. Neste steg kan vere ein dialog om og eventuelt korleis emnearbeid kan trekkast inn i 1ste eller 2de klasse i utdanninga.

## Referansar

- Aakre, J. & Scharning, H. S. (2010). *Prosjekthåndboka : 1.0 : verktøykasse for kreative team*. Oslo: Universitetsforl.
- Aaneby, K., Kristensen, T. W. & Haukåen, G. (1996). *Tema og prosjektarbeid : en håndbok*. Oslo: Gyldendal.
- Bie, K. (2016). *Refleksjonshåndbok for barnehagelærere*. Oslo: Universitetsforl.
- Bøe, M. & Frogh, C. (2012). Sted som konsept i barnehagemyndighetenes lokale kvalitetsplaner. I F. Rønning (Red.), *FoU i praksis 2011 : rapport fra konferanse om praksisrettet FoU i lærerutdanning : Trondheim 26. og 27. april 2011*. Trondheim: Tapir akademisk forl.
- Bøe, M. & Thoresen, M. (2017). *Å skape og studere endring : aksjonsforskning i barnehagen* (2. utg.). Oslo: Universitetsforl.
- Jacobsen, D. I. & Thorsvik, J. (2013). *Hvordan organisasjoner fungerer* (4. utg.). Bergen: Fagbokforl.
- Jansen, T. T. (2008). Å arbeide mot det ukjente : prosjektarbeid med barn i barnehagens faglige virksomhet. I T. Moser & M. Pettersvold (Red.), *En verden av muligheter - fagområdene i barnehagen* (s. s. 175-197). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgåver*. Oslo. Henta frå <https://lovdata.no/forskrift/2017-04-24-487>
- Mørreaunet, S. (2019). Ledelse av en veiledning i en lærende barnehage. I S. Mørreaunet, K.-Å. Gotvassli, K. H. Moen & E. Skogen (Red.), *Ledelse av en lærende barnehage* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Undheim, M. (2015). *Hvorfor har vi blå striper på armen? : temaperioder og prosjektarbeid med barnehagebarn*. Bryne: Info Vest.
- Universitets- og høgskulerådet. (17.10.2018). Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanninga. Henta frå <https://www.uhr.no/f/p1/i8dd41933-bff1-433c-a82c-2110165de29d/blu-nasjonale-retningslinjer-ferdig-godkjent.pdf>
- Utdanningsdirektoratet. (28.06.2018). *Pedagogisk dokumentasjon i barnehagen. Prosjektarbeid*. Henta frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitet-i-barnehagen/verktoy-for-kvalitetsarbeid/pedagogisk-dokumentasjon/ped-dok-didaktisk-perspektiv/prosjektarbeid/>
- Westhagen, H., Faafeng, O., Hoff, K. G., Kjeldsen, T. & Røine, E. (2008). *Prosjektarbeid : utviklings- og endringskompetanse* (6. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.